



Styre
Fakultetsstyret ved Det humanistiske fakultet

Arkivreferanse
2025/1616
Styresak
47/25

Dokumentdato
29.04.2025
Møtedato
06.05.2025

Redesign av bachelorprogrammet i arabisk

Dokument i saka

- Sak 24/24 Studiestyret.
- Fakultetsstyresak (S 39/24) 18. juni 2024.
- Framdriftsplan for godkjenning av revidert BAHF-ARAB (vedlegg 1).
- Ny studieplan, med emneomtalar for emna i arabisk (vedlegg 2).
- Følgjebrev for ny studieplan (vedlegg 3).

Saka gjeld

Bachelorprogrammet i arabisk mista i 2022 akkrediteringa etter at studiekvalitetskomiteen på grunnlag av at femårig programevaluering ikkje tilrådde reakkreditering av programmet. For å oppnå ny akkreditering, vart programmet pålagt å forbetre punkta som studiekvalitetskomiteen hadde kritisert. Ein ny studieplan for programmet, med tiltak for utbetring av desse ankepunkta som del av ein større redesignprosess blei lagt fram for studiekvalitetskomiteen 2024, som tilrådde ny akkreditering når den nye studieplanen i sin heilskap var ferdig handsama i tråd med fakultetet sine rutinar. Fakultetsstyret følgde komiteens tilråding og vedtok ny akkreditering av programmet. Sidan redesignprosessen ikkje var formelt ferdigstilt, vart det presisert at reakkrediteringa ville tre i kraft når redesignprosessen var fullført og det nye programmet var klart.

Med denne saka vil vi orientere styret om at redesigna bachelorprogram i Arabisk språk med Midtaustens historie som heilskap no er godkjend. Første opptak på det reviderte programmet er hausten 2025.

Vidare kvalitetssikring av programmet

Studiekvalitetskomiteen tilrår at bachelorprogrammet går igjennom ein ny reakkrediteringsprosess tre år etter første opptak på ny modell, for å vurdere om planane for programmet har vore formålstenlege. Bachelorprogrammet i arabisk språk med Midtaustens historie vil bli lagt inn i planane for programevaluering for 2028.

Forslag til vedtak

Fakultetsstyret tar saka til orientering.

Camilla Brautaset
dekan

Kim Ove Hommen
fakultetsdirektør

29.04.2025/Hanne Svanholm Misje



Institutt for framandspråk

Referanse

2019/25100-HAMI

Dato

09.08.2024

Framdriftsplan for godkjenning av revidert BAHF-ARAB

Vi viser til innsendt studieplan for revidert versjon av bachelorprogrammet i arabisk. Fakultetsstyret ved HF vedtok i møte 18. juni 2024 å reakkreditere bachelorprogrammet i arabisk på bakgrunn av tilråding frå Studiekvalitetskomiteen. I vedtaket står det at reakkrediteringa trer i kraft når det reviderte bachelorprogrammet som heilskap er godkjent.

I dette brevet vil fakultetet foreslå ein framdriftsplan i godkjenningsarbeidet, for å nå opptaket hausten 2025:

Aktivitet	Ansvarleg	Tidsramme/frist
Kommentarar frå fakultetet på innsendt studieplan Fakultetet vil kommenterte studieplanen som blei sendt inn i samband med sak om reakkreditering frå mai 2024.	Studieseksjonen, HF	02.09.24
Instituttet sender over revidert studieplan Den reviderte studieplanen bør ta omsyn til både innspela frå studieseksjonen og Studiekvalitetskomiteen si vurdering (dnr 52 i denne saka). Oversendinga må inkludere ei grov skisse over dei nye emna som skal inngå i programmet.	Institutt	15.10.24
Eventuelle avklaringar Dersom det er behov for fleire avklaringar i arbeidet med studie/emneplan så må dette avklarast innan 15.11.2024	Institutt/fakultet	Oktober/november
Arbeid knytt til nettsider Rekrutteringssesongen startar for fullt i desember, og nettsidene bør då vise det nye studieprogrammet i arabisk språk med Midtaustens historie. Studieseksjonen vil samarbeide med instituttet for å oppdater studieprogramsida og tekst til utdanning.no (og andre liknande tenester).	Institutt/fakultet	01.12.24

Dette er et UiB-internt notat som godkjennes elektronisk i ephorte

Det humanistiske fakultet
Telefon 55589380
post.hf@uib.no

Postadresse
Postboks 7805
5020 Bergen

Besøksadresse
Christies gate 12
Bergen

Saksbehandler
Hanne Svanholm Misje
55582298

side 1 av 2

Innsending av emne og studieplan i EpN EpN-fristen for studieplanar og emne som skal gå hausten 2025 er 15. januar 2025, og alle emne og studieplan knytt til revidert BAHF-ARAB må sendast inn i EpN til denne fristen. Utfastingsplan/overgangsordning må sendast til fakultetet til same frist.	Institutt	15.01.2025
Eventuelle avklaringar Eventuelle avklaringar knytt til program/emne, som del av den vanlege praksisen knytt til arbeid i EpN.	Institutt/fakultet	Januar/mars

Denne framdriftsplanen er lagt opp slik at det er tid til å jobbe godt med studie- og emneplanar i BAHF-ARAB før studieprogramsida blir oppdatert til 1. desember. Den reviderte studieplanen blir ikkje synleg på uib.no før rundt 1. juli.

Ta gjerne kontakt med studiesaker.hf@uib.no om det er spørsmål knytt til dette brevet.

Vennleg helsing

Inger Marie Hatløy
studiesjef

Hanne Svanholm Misje
rådgivar

BAHF-ARAB Bachelorprogram i arabisk språk med Midtaustens historie

Vitnemål side 2 - Målsetting, innhold og organisering

Bachelorprogrammet i arabisk inneheld ulike emne i arabisk som framandspråk og eit lengre opphald i Midtausten. Programmet inneheld også obligatoriske emner i Midtausten historie. Spesialisering i arabisk er på 85 studiepoeng, og 45 studiepoeng i historieemne.

I tillegg Bachelorgraden i arabisk inneheld 10 studiepoeng examen philosophicum, 10 studiepoeng i felles emne ved HF

Bachelorprogrammet i arabisk gjev solid kunnskap om skriftleg og munnleg arabisk: hovudlinene i arabisk grammatikk, ein viss lese- og skrivedugleik, eit akseptabelt ordtilfang, evne til å føre enkle samtaler og kjennskap til hovuddraga i ein arabisk dialekt. I undervisninga legg ein vekt på moderne standardarabisk. Studenten har òg gjort seg kjend med termar og omgrep som vert brukte i arabisk framandspråkundervisning i Noreg. Ein skriv bacheloroppgåva i Midtausten historie på norsk eller engelsk, som er undervisningsspråka i programmet.

Dette grunnlaget, kombinert med ein del sjølvstudium og opphald i arabisktalende land, gjev kandidatane eit brukbart nivå i arabisk, slik at dei kan bruka språket sjølvstendig i ulike samanhengar på ein reflektert og kritisk måte.

Omfang og studiepoeng

Bachelorprogrammet i arabisk med Midtaustens historie har eit omfang på 180 studiepoeng og er normert til 3 år.

Namn på grad

Bachelor i arabisk med Midtaustens historie

Fulltid/deltid

Vi tilrår studenten å ta programmet på fulltid, både av faglege, pedagogiske og praktiske omsyn. Ein fulltidsstudent skal ta 30 studiepoeng per semester. Studentar med behov for å studere på deltid må ta kontakt med studierettleiar for å få tilpassa utdanningsplanen.

Undervisningsspråk

Programmet er bygd opp av fleire emne i arabisk og historie. Undervisninga i historie vil i all hovudsak gå føre seg på norsk og/eller engelsk. I arabiskemna vil undervisningsspråket veksle mellom å vere norsk, engelsk og arabisk. For alle andre fagemne, sjå den einskilde emneskildringa.

Studiestart - semester

Studiet startar om hausten. Nye programstudentar må møte til eit studiestartsmøte i velkomstveka. **Det er obligatorisk å delta på dette møtet.** Viss du ikkje kan møte må du melde ifrå til studierettleiar om gyldig fråvær så raskt som mogleg.

Ta kontakt med studierettleiar for meir informasjon om studiestart eller dersom du må melde frå om gyldig fråvær frå studiestartmøtet. Kontakt oss på e-post: studierettleiar.if@uib.no

Mål og innhald

Variantar av arabisk vert snakka av meir enn 350 millionar menneske i Midtausten og Nord-Afrika og omlag like mange har arabisk som andrespråk. I mellomalderen var arabisk berar av ein av dei rikaste vitskaplege og litterære kulturane i verda, og er framleis eit særskilt viktig språk både i religiøs og kulturell samanheng, òg når det gjeld politikk og økonomi. Arabisk er dessutan eitt av dei seks offisielle språka i FN, og i Noreg utgjer arabisktalende ein av dei største språklege minoritetane. Moderne standardarabisk (MSA) er eit skriftspråk som må lærast, også av dei som har arabisk (dialekt) som morsmål.

Programmet inkluderer intensiv språkopplæring i moderne standardarabisk opp til eit mellomnivå. Det er sentralt å gi studentane ei grundig opplæring i praktisk arabisk grammatikk og andre faglege hjelpemiddel. I tillegg har programmet som eit klart mål å gi studentane ei innføring i arabisk språkkunnskap (språkhistorie, sosiolingvistik og dialektlære). På dette viset vil studenten ha evne til å bruke arabisk språk på ein reflektert og kritisk måte som gjer at studenten sjølv kan vidareutvikle eigne språkkunnskapar og ferdigheiter etter avslutta studium.

Studenten vil også få lære meir om Midtaustens historie og få innsikt og kompetanse i bruk av historiske kjelder, teoriar og metodar. Ved å kombinere historie og arabisk språkvitskap får ein til saman ein større kunnskapspakke. Dette styrkar studentanes ferdigheiter og fordjupa kunnskap om Midtausten i heilskap. Studentane vil få arbeide sjølvstendig og i grupper med å hente inn og analysere informasjon om arabisk språk og historie og formidle det dei kan med faglege omgrep. Studentane skal også reise ut på eit studieopphald ved ein språkskule i eit land i Midtausten.

Læringsutbyte

Studenten skal ved avslutta program ha oppnådd følgjande læringsutbyte definert i kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse:

Kunnskap

Kandidaten:

- har personleg erfaring frå møte med Midtaustens språk og kultur gjennom eit lengre opphald i Midtausten.
- kan tilstrekkeleg om arabisk grammatikk til å bruke ein rot-basert ordbok.
- kan forklare særtrekk ved arabisk språkhistorie, dialekt og forholdet mellom moderne standardarabisk og dialekt (diglossi).
- kan forklare praktisk-relevante aspekt om språkbruk i offentlegheita, arbeidsplassar og den private sfære og bruke desse i språkforståing.
- kan bruke relevante språkteknologiske verktøy for å forstå og å arbeide aktivt med moderne standardarabisk og dialektar.
- kan forklare dei viktige fasane så vel som dei lange linene i Midtaustens historie frå 600-talet og fram til i dag.
- har kjennskap til historieforskning og grunnleggande prinsipp for historisk kjeldekritikk av skriftlege kjelder frå fleire historiske periodar.

Ferdigheiter

Kandidaten

- kan lese, skrive (med hjelpemiddel), snakke og forstå moderne standardarabisk på mellomnivå.

- kan relatere grammatisk kunnskap og analyse til forståing av arabisk tekst og praktiske utfordringar i omsetjing frå norsk til arabisk og omvendt.
- kan reflektere over og jobbe sjølvstendig med eigen språklæring etter fullført program.
- kan bruke teoretiske omgrep og metodiske ferdigheiter på kjeldemateriale, kritisk og konstruktiv, for å svare på språkvitskaplege og historiske problemstillingar.

Generell kompetanse

Kandidaten

- kan bruke kunnskapar om språk på ein kritisk og sjølvstendig måte.
- kan demonstrere eit kritisk forhold til tekst på eit fagleg nivå, tolke tekstar og kjelder i kontekst og reflektere over teksten si rolle i kommunikasjonssituasjon.
- kan utvikle og gjennomføre eit lengre sjølvstendig skriftleg arbeid.
- kan vurdere aktuelle etiske og faglege problemstillingar knytt til bruken av språkteknologiske verktøy og kritisk vurdere eigen bruk.
- kan samarbeide om prosjektoppgåver å gi og ta imot konstruktiv kritikk i mindre grupper.

Opptakskrav

Personar med generell studiekompetanse eller realkompetanse kan søke opptak til bachelorprogrammet i arabisk. [Les meir om "generell studiekompetanse" på Samordna opptak.](#)

Tilrådde forkunnskapar

I arabiskemna vil deler av pensum vere på engelsk på eit høgare akademisk nivå. Studentane bør ha gode leseferdigheiter i engelsk. På same vis vil studentane måtte meistre det å lese faglitteratur og arbeide med tekster og oppgåver på norsk.

Innføringsemne

Innføringsemna skal gi kandidaten nok kunnskap, ferdigheiter og generell kompetanse til å ta fatt på vidare studium. Studentane må ta følgjande tre emne det første semesteret:

- EXPHIL Examen philosophicum
- LES100 Les og skriv
- ARA100 Innføring i arabiskfaget og moderne standardarabisk

Vi oppmodar studentar som tidlegare har tatt eitt eller fleire av emna eller liknande om å ta kontakt med studierettleiar for eventuelt å byte om på eller erstatte desse med andre.

Obligatoriske emne

EX.PHIL. Examen philosophicum

LES100 Les og skriv

ARA100 Innføring i arabiskfaget og moderne standardarabisk

ARA120 Arabisk grammatikk

ARA121 Omsetjing og praktisk bruk av arabiskfagets verktøy

ARA122 Arabisk sosiolingvistikk

ARA210 Arbeid med arabiske tekstar

ARA220 Kommunikasjon og språk i felt

HIM101 Oversyn over Midtaustens historie

HIM250 Bacheloroppgåve i Midtaustens historie

HIS203 Teoriar, metodar og historiske kjelder

Spesialisering

For å kunne oppnå læringsutbyta i denne studieplanen skal studentane spesialisere seg i arabisk språk og historie. Spesialiseringa har eit samla omfang på 130 studiepoeng, med 85 studiepoeng i arabiskemne og 45 i historieemne.

Arabiskemne:

ARA100 Innføring i arabiskfaget og moderne standardarabisk (10 studiepoeng)

ARA120 Arabisk grammatikk (15 studiepoeng)

ARA121 Omsetjing og praktisk bruk av arabiskfagets verktøy (10 studiepoeng)

ARA122 Arabisk sosiolingvistikk (5 studiepoeng)

ARA210 Arbeid med arabiske tekstar (15 studiepoeng)

ARA220 Kommunikasjon og språk i felt (30 studiepoeng)

Historieemne:

HIM101 Oversyn over Midtaustens historie (15 studiepoeng)

HIM250 Bacheloroppgåve i Midtaustens historie (15 studiepoeng)

HIS203 Teoriar, metodar og historiske kjelder (15 studiepoeng)

Tilrådde valemne

Kvar student har 30 valfrie studiepoeng i graden. Vi oppmodar studentane til å bruke desse på emne i historie eller på delstudium i utlandet. Her er tre måtar frie studiepoeng kan verte brukt på:

1. Kvalifisere for master i historie ved Universitetet i Bergen (UiB)

I bachelorgraden oppnår studenten i alt 45 studiepoeng i historie. For å kvalifisere for opptak til masterprogrammet i historie ved UiB må studenten vise til minst 60 studiepoeng i faget og difor planlegge for å ta minst 15 studiepoeng i historie i femte semester som del av dei 30 frie studiepoenga. I femte semester kan studenten velje mellom følgande historieemne: HIM103, HIM104, HIM105, HIS108, HIS114, HIS115, HIS116, HIS108 og HIS130.

Sjå nettsida «[Opptak til 2-årige masterprogram](#)» for meir info om generelle opptakskrav til våre masterprogram.

2. Reise på utveksling

Studentane kan reise på utveksling til eit vertsuniversitet for å ta frie studiepoeng. Vi oppmodar studentane til å reise til eit universitet i Midtausten ([eks. The University of Jordan](#)) eller til eit universitet ([eks. Universitetet i København](#)) som kan tilby emne som gir kunnskap om Midtausten.

3. Frie emne ved UiB – aktuelle fagkombinasjonar

Studenten kan også velje å bruke dei frie studiepoenga på studium i andre fag for å oppnå kunnskap og kompetanse, til dømes i religionsvitskap, språkfag, samfunnsvitskaplege fag (sosialantropologi, samanliknande politikk, sosiologi, geografi), estetiske fag eller i emne som gir økt digital forståing, kunnskap og kompetanse ([DIGI-pakken](#)).

Det er ikkje noko fasit på kva ein bør velje. Difor oppmodar vi kvar student til å ta kontakt med både studierettleiar på programmet og [karriererettleiar](#) for ein prat om val av frie emne og kvifor.

Rekkefølge for emne i studiet

For å kome i mål med studiet bør studenten ta emna i følgjande rekkefølge:

1. semester (haust)

- Examen philosophicum
- LES100 Les og skriv
- ARA100 Innføring i arabiskfaget og moderne standardarabisk

2. semester (vår)

- ARA120 Arabisk grammatikk
- ARA121 Omsetjing og praktisk bruk av arabiskfagets verktøy
- ARA122 Arabisk sociolingvistik

3. semester (haust)

- ARA210 Arbeid med arabiske tekstar
- HIM101 Oversyn over Midtaustens historie

4. semester (vår)

I emnet, ARA220 Kommunikasjon og språk i felt, skal studentane reise på eit studieopphald i om lag tre månadar til eit land i Midtausten.

5. semester (haust)

Studenten skal ta 30 frie studiepoeng. Du finn råd og meir informasjon om bruk av frie studiepoeng i denne studieplanen under rubrikkane "Tilrådde valemne" og "Delstudium i utlandet".

6. semester (vår)

HIM250 Bacheloroppgåve i Midtaustens historie

HIS203 Teoriar, metodar og historiske kjelder

Delstudium i utlandet

Vi oppmodar alle til å reise på utveksling i løpet av studiet og har hatt god røynsle med å sende studentar til The University of Jordan. Vi vil også nemne utvekslingsavtalen med [Universitetet i København](#).

Det er også viktig å hugse på at [Universitetet i Bergen har avtalar med fleire universitet rundt omkring i verda](#).

Arbeids- og undervisningsformer

Undervisninga er forskingsbasert og føreset aktiv deltaking frå studentane. Studentane får studere og nærme seg faga på ulike måtar gjennom førelesingar, seminar, rettleiing, gruppearbeid, språklæring i autentiske situasjonar, skriftlege og munnlege presentasjonar, omgreps- og problemfokuserte oppgåver, problembasert læring, rettleiing i og praktisk bruk av digitale verktøy. Du finn meir informasjon om kvar pakke med arbeids- og undervisningsformer i emneskildringa til kvart emne.

Vurderingsformer

I programmet vil studentane møte på ulike former for vurdering for å sikre at dei har oppnådd bestemde læringsutbytte. Vurderingsforma i eit emne er difor tilpassa læringsutbyta i det aktuelle emne og for programmet i heilskap.

Desse vurderingsformene er tatt i bruk: skriftleg skuleeksamen, rettleidd oppgåve, munnleg presentasjon, heimeeksamen og mappevurdering. I studieopphaldet i utlandet vil studentane gjennomføre fleire obligatoriske språktestar.

Vitnemål og vitnemålstillegg

Vitnemål og vitnemålstillegg vert skrive ut digitalt etter at graden er fullført.

Karakterskala

Ved sensur av emna i programmet kan det bli nytta ein av to karakterskalaer:

- A-F, der F er stryk
- bestått/ikkje bestått

Sjå emneplanen for det einskilde emnet.

Grunnlag for vidare studium

Med ein bachelorgrad i arabisk ved UiB kan du kvalifisere for masterprogrammet i historie med føresetnadene som ligg til grunn. Med fullført mastergrad i historie kan du blant anna søkje på aktuelle forskutdanningar (Ph.d.-stillingar). Ønskjer du å jobbe som lærar kan du søkje på utdanninga Praktisk pedagogisk utdanning (PPU) for vidare arbeid som lektor på ungdomsskule eller vidaregåande skule.

Relevans for arbeidsliv

Studenten vil oppnå praktiske ferdigheiter i arabisk på **mellomnivå** og vil ha kunnskap og kompetanse til å kunne bruke arabisk språk på ein reflektert og kritisk måte. Det gjer at studenten sjølv kan vidareutvikle eigne språkkunnskapar og ferdigheiter etter avslutta studium. I tillegg får studenten historisk kunnskap om Midtausten som region.

Ein slik tverrfagleg kompetanse kan vere aktuell å ta i bruk i arbeid med integrering eller i andre stillingar der det å vere eit kontaktpunkt i møte med arabiskspråklege kulturar er viktig (rettleiing, rådgjeving eller

undervisning).

Arabisk språk og områdekunnskap kan med fordel kombinerast med andre fag for å oppnå ei bestemt spisskompetanse. Vi tilrår studentar blant anna å ta frie studiepoeng i fag som historie, statsvitskap (samanliknande politikk, offentleg administrasjon, sosialantropologi), religionsvitskap, informatikk eller norsk som andrespråk.

Nokre aktuelle arbeidsplassar kan vere i:

- Offentleg forvaltning
- Offentlege etatar med ansvar for integrering
- Diplomati (sjå [studentpraktikantordning](#))
- Humanitære organisasjonar
- Næringslivet (turisme og handel)
- Journalistikk
- Undervisning

Gjennom programmet vil studenten utvikle generiske ferdigheiter og det er verdt å nemne evne til kritisk tenking, formidling, prosjektarbeid, sjølvrefleksjon, digital dømmekraft, samarbeid og fleirkulturell forståing. Dette er eigenskapar som er etterspurd i arbeidslivet.

Vi oppmodar også studentane våre til å ta del i fagutvalet eller ta del i studentfrivilligheita. Det vil gi relevant erfaring til bruk i arbeidslivet.

Evaluering

Bachelorprogrammet vert kontinuerleg evaluert i tråd med retningslinjene for [Kvalitetssystem for utdanning ved UiB](#).

Skikkavurdering og autorisasjon

Programmet har ikkje krav om skikkavurdering eller autorisasjon.

Programansvarleg

Programstyret i arabisk språk med Midtausten historie har ansvar for fagleg innhald og oppbygging av studiet og for kvaliteten på studieprogrammet. I styret sit fagkoordinator, undervisarar og studentrepresentant.

Administrativt ansvarleg

Institutt for framandspråk ved Det humanistiske fakultet har det administrative ansvaret for studieprogrammet.

Kontaktinformasjon

Du kan ta kontakt med oss via studierettleiar@if.uib.no eller ringe 55 58 93 70.

ARA100 Innføring i arabiskfaget og moderne standardarabisk

Mål og innhald

Hovuddelen av emnet er eit intensivt språkkurs i moderne standardarabisk. I tillegg vil emnet gi studentane ei innføring i arabiskkunnskap med fokus på språkhistorie og breidda i arabiskfaget. Med emnet vil studentane få ei innføring i faget og slik kunne førebu seg for vidare studium på bachelorprogrammet.

Læringsutbyte

Student skal ved avslutta emne ha oppnådd følgande læringsutbyte:

Kunnskap

Studenten

- kan bruke grammatikk om heilt grunnleggande fenomen i moderne standardarabisk, som for eksempel: bestemte og ubestemte fraser og setningar utan verb, fleirtal av substantiver og adjektiver, samsvarsbøying av substantiv og adjektiv, personlege og demonstrative pronomen og "har"-setningar.
- kan gjere greie for hovudtrekka i arabisk språkhistorie og hovudtrekka i dei europeiske og arabiske faghistoriene.
- kan skrive arabisk med latinske bokstavar på ein vald, standardisert måte og bruke dette som lydskrift i språklærings situasjonar (til dømes IJMES-translitterasjon)

Ferdigheiter

Studenten

- kan lese og skrive det arabiske alfabetet og ha eit aktivt ordforråd på ca. 200 ord.
- kan forstå og bruke kjente, daglegdagse ord og uttrykk til dømes om seg sjølv, familie, heimstad, mat og reise på korrekt standardarabisk og kan delta i ein samtale på ein enkel måte dersom samtalepartnaren snakkar sakte og tydeleg.
- kan aktivt bruke kunnskap i grammatikk på ei praktisk måte gjennom å skrive og fortelje på moderne standardarabisk om enkle og nære tema.
- kan ta i bruk arabisk språkkunnskap for å løyse praktiske og teoretiske problemstillingar.

Generell kompetanse

Studenten

- har grunnleggande kjennskap til arabiskfaget, læring av arabisk som framandspråk og mogelegheitene i vidare studiar.
- kan presentere og formidle eit budskap på ein tydeleg måte.

Studiepoeng, omfang

10

Studienivå (studiesyklus)

Bachelor

Undervisningsspråk

Norsk eller engelsk

Undervisningssemester

Haut

Undervisningsstad

Bergen

Krav til forkunnskapar

Det er krav om generell studiekompetanse.

Tilrådte forkunnskapar

Det er naudsynt å ha gode kunnskapar og ferdigheiter i norsk og engelsk for å kunne ta del i og for å få fullt utbyte av undervisninga. Studenten skal mellom anna sjå etter kontrastar og arbeide med omsetjingar mellom **norsk** og arabisk. I tillegg er deler av faglitteraturen skriven på **engelsk**.

Studiepoengsreduksjon

På grunn av fagleg overlapp vil studiepoenguttellinga for ARA100 bli redusert om emnet vert kombinert med ARA101 (5 stp. reduksjon) eller ARA621 (10 stp. reduksjon)

Krav til studierett

Emnet er ope for alle med studierett ved Universitetet i Bergen.

Arbeids- og undervisningsformer

Undervisninga i emnet er bygd opp av fire timar med undervisning per veke i 10 veker. Først er det to veker med førelesningar (to dobbelttimar i veka) før undervisninga går over til ei seminarrekke med to dobbelttimar seminar i veka.

Det vert lagt opp til bruk av studentaktive læringsformer, og gjennom semesteret vil det vere stor vekt på eigenaktivitet. Det er venta at studentane førebur seg grundig til timane og gjennomfører etterarbeid og oppgåveløysing.

Om det melder seg færre enn fem studentar til eit emne, kan undervisningstilbodet bli tilpassa studenttalet. Studentane vil i så fall bli informerte om det alternative undervisningsopplegget ved semesterstart og før semesterregistreringsfristen den 1. september.

Obligatorisk undervisningsaktivitet

Studentane må gjennomføre og bestå **tre obligatoriske** undervisningsaktivitetar for å kunne kvalifisere for eksamen. Kvar student må:

- fullføre test i ordforråd.
- skrive ei oppgave som svarar på spørsmål om grunnleggande grammatiske fenomen i moderne standardarabisk.
- halde ein munnleg presentasjon om eit eller fleire tema som har vore aktualisert i undervisninga. Presentasjonane vil skje i undervisningsrommet saman med medstudentar.

I tillegg er det obligatorisk å møte til 50 % av undervisninga.

Alle obligatoriske arbeidskrav må vere bestått i same semester. Godkjenninga av obligatoriske arbeidskrav er gyldig i undervisningssemesteret og dei to påfølgjande semestera.

Vurderingsformer

Studentane skal møte til skuleeksamen i sal på fire timar. På eksamen må studentane bruke norsk og arabisk der dei vert beden om det.

Karakterskala

Det vert nytta gradert karakterskala frå A til F, der F er stryk.

Vurderingssemester

Haut. Der er òg vurdering tidleg i vårsemesteret for studentar med gyldig godkjenning av obligatoriske arbeidskrav.

Litteraturliste

Litteraturlista vil vere klar innan 1. juli for bruk i haustsemesteret.

Emneevaluering

Emneevalueringar blir gjennomførte i tråd med UiB sitt kvalitetssystem for utdanning.

Hjelpemiddel til eksamen

Ingen hjelpemiddel er tillatne ved skoleeksamen i sal.

Programansvarleg

Programstyret har ansvar for fagleg innhald og oppbygging av studiet og for kvaliteten på studieprogrammet og alle emna der.

Emneansvarleg

Programstyret for Arabisk språk med Midtaustens historie

Administrativt ansvarleg

Det humanistiske fakultet ved Institutt for framandspråk har det administrative ansvaret for emnet og studieprogrammet som emnet inngår i.

Kontaktinformasjon

Studierettleiar: studierettleiar.if@uib.no

Eksamensadministrasjon: eksamen.if@uib.no

ARA120 Arabisk grammatikk

Mål og innhald

Moderne standardarabisk er eit svært systematisk språk og kunnskapen om systemet bak språket er noko alle språkbrukarar må lære, også dei som har arabisk som morsmål (dialekt). Nokre ord endrar skrivemåte og form alt etter rolla ordet har i ei setning og grammatisk kunnskap er sentralt for å både lese, forstå og skrive moderne standardarabisk. Grammatikk og grammatisk analyse er naudsynt for å kunne omsetje til og frå norsk og engelsk på ein nøyaktig, fagleg og kritisk måte.

Rot-systemet i arabisk der fleste orda byggjer på tre konsonantar pluss eit mønster som kan variere, gjer at svært mange ord på arabisk eigentleg er relaterte til kvarandre på ein systematisk måte. Grammatikken ein lærer på dette emnet gjer at studenten vil kunne kjenne att og forstå langt fleire ord til skilnad frå å måtte pugge einskilte ord. Ein sentral ferdigheit er difor å kunne bruke ei rot-basert ordbok, noko som saman med grammatikken og kunnskapen om ordmønstre gjer studenten i stand til å lære arabisk vidare seinare på eigenhand. På dette emnet brukar vi den europeiske grammatiske terminologien, men og delvis den tradisjonelle arabiske som skil seg frå den europeiske, ikkje berre i termene, men og i innhaldet. Saman med ARA121 og ARA122 utgjer også ARA120 ein del av språkopplæringa i programmet som byggjer vidare på introduksjonsemnet ARA100.

Vi rår dei som studerer deltid å ta ARA120 før ARA121 og ARA122.

Læringsutbyte

Studenten skal ved avslutta emne ha følgjande læringsutbytte:

Kunnskap

Studenten

- kan gje att og anvende kunnskap om arabisk grammatikk på høgt mellomnivå om fenomen som til dømes: bøying av verb (i person, tempus, modus, aktiv/passiv (av sterke verb), avleidde former I-X (unntatt form IX), og idafa-konstruksjonar, dei vanlegaste akkusativ-funksjonane, og dei viktigaste bøyingane (men ikkje alle) av verb og nomen med svake røter.
- kan nok rotord for å ha eit større og meir aktivt ordforråd i arabisk skriftleg, men og munnleg.

Ferdigheiter

Studenten

- kan lese og omsetje nivåtilpassa tekster.
- kan fortelje og skrive om tema som seg sjølv, heimlandet, reise, studie, arabiske samfunn.
- kan bruke grammatikk aktivt for å omsetje nøyaktig og tekst-kritisk, og skrive grammatisk riktig standardarabisk på eit enkelt mellomnivå.
- kan bruke arabiskfaglege grammatiske omgrep på norsk og delvis på arabisk.
- kan reflektere over systematiske grammatiske kontraster mellom arabisk og norsk. og adressere desse i praktisk omsetjing.

Generell kompetanse

Studenten

- kan drøfte betydninga til grammatikkferdigheiter i språklæring av arabisk som framandspråk.

Studiepoeng, omfang

15

Studienivå (studiesyklus)

Bachelor

Undervisningsspråk

Norsk, engelsk og arabisk.

Undervisningssemester

Vår

Undervisningsstad

Bergen

Krav til forkunnskapar

Studentane må ha vore meld til undervisning , fullført og fått godkjent dei obligatoriske undervisningsaktivitetane i emna ARA100 og LES100.

Tilrådde forkunnskapar

Faglitteraturen er skriven både på norsk og engelsk. Difor er det eit føremon om studenten meistarar å bruke norsk og engelsk på eit høgt nivå.

Studiepoengsreduksjon

På grunn av fagleg overlapp vert studiepoengutteljinga for ARA120 redusert med 7,5 studiepoeng om det vert kombinert med ARA111 og 7,5 om det vert kombinert med ARA112.

Krav til studierett

Emnet er opent for studentar med studierett på bachelorprogrammet i arabisk språk med Midtaustens historie. Studentar med studierett på UiB og som har fullført ARA100 kan søkje om opptak til ARA120.

Arbeids- og undervisningsformer

Undervisninga i emnet er bygd opp av tolv veker med førelesingar og seminar (totalt fire timar med undervisning per veke).

Det vert lagt opp til bruk av studentaktive læringsformer til dømes gruppearbeid og presentasjonar, og gjennom semesteret vil det vere stor vekt på eigenaktivitet. Det er venta at studentane førebur seg grundig til timane og gjennomfører etterarbeid og oppgåveløysing.

Obligatorisk undervisningsaktivitet

I emnet er det krav om å gjennomføre og få godkjent tre undervisningsaktiviteter. Alle tre må vere greidd i same semester. Kvar student må:

- møte til minimum 50 % av undervisinga.
- svare skriftleg på to obligatoriske oppgåver.

Gjennom oppgåvene får kvar student trening i analyse, bruk av sentral grammatisk kunnskap , samt trening i å skrive ein arabisk tekst. Kvar student får tilbakemeldingar på oppgåvene undervegs i semesteret med svar på kva ein har forstått eller kva ein bør arbeide meir med før eksamen.

Alle obligatoriske arbeidskrav må vere bestått i same semester. Godkjenninga av dei obligatoriske arbeidskrava er gyldig i undervisningssemesteret og i dei to påfølgjande semestera.

Vurderingsformer

Studentane skal møte til skuleeksamen i sal på **seks** timar. Studentane må bruke norsk og arabisk der dei vert bedne om det.

Karakterskala

Det vert nytta gradert karakterskala frå A til F, der F er stryk.

Vurderingssemester

Vår. Der er òg vurdering tidleg i haustsemesteret for studentar med gyldig godkjenning av obligatoriske arbeidskrav.

Litteraturliste

Litteraturlista vil vere klar innan 1. desember for bruk i vårsemesteret.

Emneevaluering

Undervisninga vert evaluert i tråd med UiB sitt kvalitetssystem for utdanning.

Hjelpemiddel til eksamen

Ingen

Programansvarleg

Programstyret har ansvar for fagleg innhald og oppbygging av studiet og for kvaliteten på studieprogrammet og alle emna der.

Emneansvarleg

Programstyret for arabisk språk med Midtaustens historie

Administrativt ansvarleg

Det humanistiske fakultet ved Institutt for framandspråk har det administrative ansvaret for dette emnet og studieprogrammet det inngår i.

Kontaktinformasjon

Studierettleiar: studierettleiar@if.uib.no

Eksamensadministrasjon: eksamen@if.uib.no

ARA121 Omsetjing og praktisk bruk av arabiskfagets verktøy

Mål og innhald

Arabiskfaget slik det har utvikla seg i vestlege universitet har utvikla mange verktøy meint til bruk i språklæring og omsetjing til og frå moderne standardarabisk på alle nivå. I dette emnet får du ein oversikt over desse verktøya på alle nivå og korleis bruke dei mest kjente verktøya tilpassa nivået for resten av programmet.

Translitterasjon vart introdusert i ARA100, men her tatt opp igjen grundigare både til hjelp i språklæring (uttale) og for korrekt gjengjeving av namn og kjelder i akademiske og profesjonelle tekstar.

Både vestlege og arabiske **ordbøker** på mellomnivå er ikkje alfabetisk ordna fordi arabiske ord med rot (same tre hovudkonsonantar) ofte har relatert tyding, noko som er svært nyttig både i innlæring av vokabular og omsetjing. Ferdigheita å kunne bruke ei god fysisk eller digitale ordbok heng nøye saman med grammatikken frå ARA120 fordi for å finne dei tre rot-konsonantane i ordet, må bøyingsmønsteret til ordet identifiserast.

Referansegrammatikk er oversiktsverk av ulike lengde og av vanskegrad som gir studenten moglegheit til raskt å finne bøyingsmønster. Emnet gjer studenten kjend med og trygg på nokre få, kjente referansegrammatikkar.

I dei siste åra har mange nyttige **digitale verktøy** kome til og nesten alle som lærer arabisk som framandspråk bruker desse verktøya både i språklæring og i omsetjing. I dette emnet lærer studenten fordelane og ulempene med nokre av dei mest kjende verktøya, korleis dei verkar, og korleis det er mogleg å bruke dei på en kritisk og konstruktiv måte.

I dette emnet jobbar vi med grammatisk forenkla tekster og omset til og frå arabisk og norsk. Saman med ARA120 og ARA122 utgjer også ARA121 ein del av språkopplæringa i programmet som byggjer vidare på introduksjonsemnet ARA100.

Dersom studenten studerer på deltid dette semester anbefalar vi å ta ARA120 før ARA121.

Læringsutbyte

Studenten skal ved avslutta emne ha følgjande læringsutbyte:

Kunnskap

Studenten

- har oversikt over breidda av faglege verktøy og hjelpemiddel, inkludert digitale og språkteknologiske.
- kan anvende ei rot-basert ordbok (arabisk-engelsk) på middels nivå, og identifisere rot og slå opp alle ord med sterk rot og 50% av ord med svak rot (det vil seie der ein eller to av rot-konsonantane er yā', wāw eller hamza).
- er kjent med 2-3 praktiske referansegrammatikkverk og kjenner hovudstrukturane i og ulikskapane mellom desse.

Ferdigheiter

Studenten

- kan bruke dei mest sentrale av arabiskfagets verktøy i sjølvstendig omsetjing og språklæring.
- kan lese og omsetje nivåtilpassa tekster (lærebok-tekster tilpassa nivået) på ein korrekt måte.

- har eit større og meir aktivt ordforråd i arabisk på ca. 1200 ord.

Generell kompetanse

Studenten

- kan bruke akademiske og praktiske digitale verktøy på ein sjølvstendig og kritisk måte.

Studiepoeng, omfang

10

Studienivå (studiesyklus)

Bachelor

Undervisningsspråk

Norsk og engelsk.

Undervisningssemester

Vår

Undervisningsstad

Bergen

Krav til forkunnskapar

Studentane må ha vore meld til undervisning, fullført og fått godkjent dei obligatoriske undervisningsaktivitetane i emna ARA100 og LES100.

Tilrådde forkunnskapar

Faglitteraturen er skriven både på norsk og engelsk. Difor er det eit føremon om studenten meistarar å bruke norsk og engelsk på eit høgt nivå.

Studiepoengsreduksjon

Ingen

Krav til studierett

Emnet er opent for studentar med studierett på bachelorprogrammet i arabisk språk med Midtaustens historie. Studentar med studierett på UiB og som har fullført ARA100 kan søkje om opptak til ARA121.

Arbeids- og undervisningsformer

Undervisninga i emnet er bygd opp av tolv veker med seminar (totalt to timar med undervisning per veke).

Det vert lagt opp til bruk av studentaktive læringsformer til dømes gruppearbeid og diskusjonar, og gjennom semesteret vil det vere stor vekt på eigenaktivitet. Det er venta at studentane førebur seg grundig til timane og gjennomfører etterarbeid og oppgåveløysing.

Obligatorisk undervisningsaktivitet

I emnet er det krav om å gjennomføre og få godkjent to undervisningsaktivitetar. Begge desse må vere greidd i same semester. Kvar student må:

- møte til minimum 50 % av undervisinga.
- svare skriftleg på ei obligatoriske oppgåve med omsetjingseksempel og skrive eit refleksjonsnotat.

Gjennom arbeid med oppgåva får studenten brukt ulike språkteknologiske hjelpemiddel og reflektert over bruken på ein kritisk måte. Kvar student får tilbakemeldingar på kva ein har forstått og kva ein bør arbeide meir med før eksamen.

Alle obligatoriske arbeidskrav må vere bestått i same semester. Godkjenninga av dei obligatoriske arbeidskrava er gyldig i undervisningssemesteret og i dei to påfølgjande semestera.

Vurderingsformer

Eksamen er bygd opp av to deler for å teste ulik kunnskap og ferdigheiter. Studentane skal møte til

- skuleeksamen i sal på **fire** timar. Studentane må svare skriftleg på oppgåver anten på norsk eller arabisk.
- munnleg eksamen med varigheit på ein halvtime. Studenten svarar på norsk.

Studenten må greie og bestå begge deler i same semester for å kunne verte vurdert og oppnå eit teljande resultat i emnet. Kvar eksamensdel er vekta likt. Skuleeksamen i sal tel 50 % av karakteren og munnleg eksamen tel 50 %.

Karakterskala

Det vert nytta gradert karakterskala frå A til F, der F er stryk.

Vurderingssemester

Vår. Der er òg vurdering tidleg i haustsemesteret for studentar med gyldig godkjenning av obligatoriske arbeidskrav.

Litteraturliste

Litteraturlista vil vere klar innan 1. desember for bruk i vårsemesteret.

Emneevaluering

Undervisninga vert evaluert i tråd med UiB sitt kvalitetssystem for utdanning.

Hjelpemiddel til eksamen

Under skuleeksamen kan studentane bruke rot-basert ordbok, arabisk-engelsk. Studentane vil få ordbøkene tildelt i eksamenslokale.

Alle verktøy er tillatt på munnleg eksamen.

Programansvarleg

Programstyret har ansvar for fagleg innhald og oppbygging av studiet og for kvaliteten på studieprogrammet og alle emna der.

Emneansvarleg

Programstyret for arabisk språk med Midtaustens historie.

Administrativt ansvarleg

Det humanistiske fakultet ved Institutt for framandspråk har det administrative ansvaret for emnet og studieprogrammet.

Kontaktinformasjon

Studierettleiar: studierettleiar.if@uib.no

Eksamensadministrasjon: eksamen.if@uib.no

ARA122 Arabisk sosiolingvistikk

Mål og innhald

Medan alle i den arabiske verda veks opp med ei arabisk dialekt er moderne standardarabisk (og kalla fusha) eit språk som nesten ingen snakkar til dagleg. Likevel er moderne standardarabisk det einaste språket brukt i offentlegheita og i skrift, og er likt i heile den arabiske verda. Moderne standardarabisk er noko som må lærast i utdanning for alle, også arabiske språkbrukarar. Dialekt og moderne standardarabisk kan vere nokså ulike i både ordforråd og grammatikk. I munnleg, men og noko i skriftleg arabisk, ser vi at språkbrukarar kombinerer dei to variantane alt etter språksituasjon og utdanningsnivå. Dette fenomenet heiter på fagspråket kodeveksling. Kunnskap om spenninga mellom moderne standardarabisk og dialekt, og korleis språkbrukarar aktivt bruker denne i ulike settingar er sentral for å kunna forstå, omsetje og bruke arabisk riktig. Dette emnet tar opp den generelle språksituasjonen i den arabisk verden og studenten lærer å bli kjend med grunntrekka i hovudskilnaden mellom moderne standardarabisk og dialekt inkludert dei viktigaste teoriane om kodeveksling og korleis nyttiggjere seg desse i omsetjing og språklæring.

Dersom studenten studerer deltid dette semester anbefalast det først å ta ARA120.

Læringsutbytte

Studenten skal ved avslutta emne ha følgjande læringsutbytte:

Kunnskap

Studenten

- kjenner til dei viktigaste hovudtrekka om den generelle språksituasjonen i den. arabisk verden, inkludert språkpolitikk og relasjonen mellom språk, ideologi og religion.
- kan forklare dei viktigaste og mest praktiske teoriane om likskapane og ulikskapane mellom moderne standardarabisk og dialekt og korleis språkbrukarar forhold seg til dette i ulike situasjonar.
- kan forklare korleis kunnskap om kodeveksling er nyttig for språkforståing, kommunikasjon, omsetjing og språklæring.

Ferdigheiter

Studenten

- kan kjenne att sentrale markørar for ulike språknivå.
- kan reflektere over sentrale arabiskfaglege sosiolingvistiske teoriar.

Generell kompetanse

Studenten

- kan skrive eit sjølvstendig arbeid som formulerer, presenterer og analyserer faglege problemstillingar.

Studiepoeng, omfang

5

Studienivå (studiesyklus)

Bachelor

Undervisningsspråk

Norsk og engelsk.

Undervisningssemester

Vår

Undervisningsstad

Bergen

Krav til forkunnskapar

Studentane må ha vore meld til undervisning , fullført og fått godkjent dei obligatoriske undervisningsaktivitetane i emna ARA100 og LES100.

Tilrådde forkunnskapar

Faglitteraturen er skriven både på norsk og engelsk. Difor er det eit føremon om studenten meistarar å bruke norsk og engelsk på eit høgt nivå.

Studiepoengsreduksjon

På grunn av fagleg overlapp vert studiepoengutteljinga for ARA122 redusert med 5 studiepoeng om det vert kombinert med ARA115.

Krav til studierett

Emnet er opent for studentar med studierett på bachelorprogrammet i arabisk språk med Midtaustens historie. Studentar med studierett på UiB og som har fullført ARA100 kan søkje om opptak til ARA122.

Arbeids- og undervisningsformer

Undervisninga i emnet er bygd opp av fem veker med dobbeltimar førelesningar (totalt to timar med undervisning per veke).

Det vert lagt opp til bruk av studentaktive læringsformer til døme studentane kommenterer på tekstane, og gjennom semesteret vil det vere stor vekt på eigenaktivitet. Det er venta at studentane førebur seg grundig til timane og gjennomfører etterarbeid og oppgåveløysing.

Obligatorisk undervisningsaktivitet

I emnet er det krav om å gjennomføre og få godkjent tre undervisningsaktivitetar. Alle tre må vere greidd i same semester. Kvar student må:

- møte til minimum 50 % av undervisninga.
- skrive ei oppgåve på omlag 1000 ord.
- delta på kurs hos universitetsbibliotek i byrjing av emnet.

Gjennom arbeid med oppgåva får studenten bli kjent med ulike sosiolingvistiske teoriar. Kurset på biblioteket skal gi studentane innføring i korrekt kjeldebruk og sitering. Kvar student får tilbakemeldingar på den skriftlege oppgåva med svar på kva ein har forstått og kva ein bør arbeide meir med før eksamen.

Alle obligatoriske arbeidskrav må vere bestått i same semester. Godkjenninga av dei obligatoriske arbeidskrava er gyldig i undervisningssemesteret og i dei to påfølgjande semestera.

Vurderingsformer

Studentane skal møte til heimeeksamen på to dagar. Heimeeksamen skal vere på 2000 ord +/- 10 prosent. Eksamensspråket er norsk.

Karakterskala

Det vert nytta gradert karakterskala frå A til F, der F er stryk.

Vurderingssemester

Vår. Der er òg vurdering tidleg i haustsemesteret for studentar med gyldig godkjenning av obligatoriske arbeidskrav.

Litteraturliste

Litteraturlista vil vere klar innan 1. desember for bruk i vårsemesteret.

Emneevaluering

Undervisninga blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitetssystem for utdanning.

Hjelpemiddel til eksamen

Studentane har alle hjelpemiddel tilgjengelege då eksamen vert løyst heimefrå, men ein minner om at den innleverte oppgåva skal vera studenten sitt sjølvstendige arbeid.

Ein viser elles til [UiB sine retningslinjer i høve fusk og plagiat](#), inkludert kunstig intelligens. Emneansvarleg vil ved semesterstart gjere greie for dei faglege retningsinjene kring bruk av kunstig intelligens i akkurat dette emnet.

Programansvarleg

Programstyret har ansvar for fagleg innhald og oppbygging av studiet og for kvaliteten på studieprogrammet og alle emna der.

Emneansvarleg

Programstyret for arabisk språk med Midtaustens historie.

Administrativt ansvarleg

Det humanistiske fakultet ved Institutt for framandspråk har det administrative ansvaret for emnet og studieprogrammet.

Kontaktinformasjon

Studierettleiar: studierettleiar.if@uib.no

Eksamensadministrasjon: eksamen.if@uib.no

ARA210 Arbeid med arabiske tekstar

Mål og innhald

Hovudmålet med emnet er å lære om korleis tilnærma seg autentiske tekstar på ein fagleg og kritisk måte. Språkferdigheitene og grammatikkunnskap vert framleis vidareutvikla frå ARA120, men i dette emnet er tekstane i stor grad autentiske og forfattarskap, kontekst og kommunikasjonssituasjonen er difor med i analysen. Språkteknologiske verktøy er tillatne på eksamen og tatt med i undervisninga og studentane skal kunne forklare fordelane og ulempene med til dømes digitale omsetjingsverktøy.

Emnet inneheld nokre få utvalde, viktige tekstar og sjangrar i arabisk litteraturhistorie, religion og samfunn, men hovudfokus er på å forstå, analysere og omsetje tekstar eller tekstutdrag med eit moderne mediespråk- og generell sakprosa på middels nivå. Emnet inneheld og grunnleggjande dialektlære og den systematiske forskjellen mellom moderne standardarabisk og ei vald dialekt.

Læringsutbyte

Studenten skal ved avslutta emne ha oppnådd følgjande læringsutbyte:

Kunnskap

Studenten

- kan analysere og beskrive ein autentisk arabisk tekst, eller utdrag av ein tekst, med fagomgrepa frå dette og tidlegare disiplinemne.
- kan reflektere og argumentere for ulike tolkingar og omsettingar.
- kan nytta grammatikk som til dømes konjunksjonar, vilkårssetningar og relativsetningar i tillegg til grammatikken frå ARA120, til analyse og kortare tekstproduksjon på middels høgt nivå.
- kan formidle sentrale trekk om utvalde tekstar og sjangrar frå arabisk litteraturhistorie, religion og samfunn.
- har innsikt i dialektlære og systematiske forskjellar mellom moderne standardarabisk og ei vald dialekt og kunne gje att hovudtrekka i desse.

Ferdigheiter

Studenten

- kan lese, forstå og omsetje mediatekster og generelt fagspråk på høgt mellomnivå med hjelpemiddel.
- kan identifisere rota og slå opp i ei rot-basert ordbok alle ord med sterke røter og 90 % av ord med svake røter.
- kan bruke ein referansegrammatikk på høgt mellomnivå.
- kan bruke språkteknologiske hjelpemiddel til eigen tekstproduksjon, omsetjing og språklæring på ein fagleg og kritisk måte.
- kan skrive på mellomnivå med hjelpemiddel og delta i enkle samtaler.

Generell kompetanse

Studenten

- kan formidle innhald i arabisk tekstar på ein fagleg og kritisk måte.
- kan drøfte og reflektere omkring eigen språklæring.
- kan drøfte eigen bruk av digitale, språkteknologiske hjelpemiddel i språklæring og omsetjing.

Studiepoeng, omfang

15

Studienivå (studiesyklus)

Bachelor

Undervisningsspråk

Norsk, engelsk og arabisk.

Undervisningssemester

Haut

Undervisningsstad

Bergen

Krav til forkunnskapar

Studentane må ha fullført og bestått ARA100 og LES100. I tillegg må studentane ha vore meld til undervisning , fullført og fått godkjent dei obligatoriske undervisningsaktivitetane i ARA120.

Tilrådde forkunnskapar

Faglitteraturen er skriven både på norsk og engelsk. Difor er det eit føremon om studenten meistarar å bruke norsk og engelsk på eit høgt nivå.

Studiepoengsreduksjon

På grunn av fagleg overlapp vert studiepoengutteljinga for ARA210 redusert med 15 studiepoeng om det vert kombinert med ARA211.

Krav til studierett

Emnet er opent for studentar med studierett på bachelorprogrammet i arabisk språk med Midtaustens historie. Studentar med studierett på UiB og som har fullført ARA100 og ARA120, kan søkje om opptak til ARA210.

Arbeids- og undervisningsformer

Undervisninga i emnet er bygd opp av tolv veker med to timar førelesingar og fire timar seminar (totalt seks timar med undervisning per veke).

Det vert lagt opp til bruk av studentaktive læringsformer til døme gruppearbeid med rom for å diskutere tekstar og kontekst. Gjennom semesteret vil det vere stor vekt på eigenaktivitet. Det er venta at studentane førebur seg grundig til timane og gjennomfører etterarbeid til døme oppgåveløysing og liknande.

Obligatorisk undervisningsaktivitet

I emnet er det krav om å gjennomføre og få godkjent fire undervisningsaktivitetar. Alle fire må vere greidd i same semester. Kvar student må:

- møte til minimum 50 % av undervisinga.
- skrive **tre obligatoriske oppgåver** som kvar for seg dekker følgande tema:
 - samanlikning av moderne standardarabisk og vald dialekt.
 - grammatisk analyse, kommentar og omsetjing av vald tekst eller tekstutdrag frå pensum.
 - eit essay om refleksjonar omkring eigen språklæring.

Gjennom oppgåvene får kvar student øvd på analyse- og utgreiingsarbeid, samt trening i å skrive ein reflekterande tekst. Kvar student får tilbakemeldingar på oppgåvene undervegs i semesteret med svar på kva ein har forstått eller kva ein bør arbeide meir med før eksamen.

Alle obligatoriske arbeidskrav må vere bestått i same semester. Godkjenninga av dei obligatoriske arbeidskrava er gyldig i undervisningssemesteret og i dei to påfølgjande semestera.

Vurderingsformer

Studentane skal møte til ein heimeeksamen med eit omfang på **fire** dagar. Heimeeksamen skal vere på 3000 ord +/- 10 prosent. Eksamen vert skriven på norsk.

Karakterskala

Det vert nytta gradert karakterskala frå A til F, der F er stryk.

Vurderingssemester

Haupt. Der er òg vurdering tidleg i vårstsemesteret for studentar med gyldig godkjenning av obligatoriske arbeidskrav.

Litteraturliste

Litteraturlista vil vere klar innan 1. juli for bruk i haustsemesteret.

Emneevaluering

Undervisninga blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitetssystem for utdanning.

Hjelpemiddel til eksamen

Studentane har alle hjelpemiddel tilgjengelege då eksamen vert løyst heime frå, men ein minner om at den innleverte oppgåva skal vere studenten sitt sjølvstendige arbeid.

Ein viser elles til [UiB sine retningslinjer i høve fusk og plagiat](#), inkludert kunstig intelligens. Emneansvarleg vil ved semesterstart gjere greie for dei faglege retningslinjene kring bruk av kunstig intelligens i akkurat dette emnet.

Programansvarleg

Programstyret har ansvar for fagleg innhald og oppbygging av studiet og for kvaliteten på studieprogrammet og alle emna der.

Emneansvarleg

Programstyret for arabisk språk med Midtaustens historie.

Administrativt ansvarleg

Det humanistiske fakultet ved Institutt for framandspråk har det administrative ansvaret for emnet og studieprogrammet.

Kontaktinformasjon

Studierettleiar: studierettleiar@if.uib.no

Eksamensadministrasjon: eksamen@if.uib.no

ARA220 Kommunikasjon og språk i felt

Mål og innhald

I dette semesteret skal studenten utføre eit opphald på 3-4 månader ved ein språkskule i eit arabisktalande land kor undervisningsmetoden er såkalla kommunikativ språklæring. Dette betyr at undervisninga stort sett er på arabisk og studenten får mengdetrening i lesing, skriving, lytting og snakking. Emnet er meint å spesielt auke ferdigheitene i lytting og snakking i moderne standardarabisk og vald dialekt, men vidare arbeid med tekstar på standardarabisk er og en del av emnet. Studenten vert eksponert for arabisk språk og kultur utanfor språkskulen og får førstehandskjennskap til dette. Studenten får tid til, og blir sterkt oppfordra til, å ta del i lokale aktivitetar utanfor språkskulen som kan fremme språklæring.

For optimal utnytting av emnet og for å oppnå ferdigheitsmåla er det avgjerande at studenten aktivt oppsøker autentiske språksituasjonar utanfor språkskolen som svarer til hennar/hans behov, ønskjer og motivasjon.

Arabisk blir på ulike språkskular i den arabisktalande verda ofte undervist med arabisk grammatisk terminologi og med andre metodar enn studenten er van til og studenten får eit medvite forhold til korleis best nyttiggjere seg ulike tilgjengelege språklæringstilbod etter gjennomført kurs på språkskulen.

Studenten skal også følge opp eigen språklæring på og utanfor språkskulen på ein bevisst og sjølvkritisk måte og reflektere over dette i eit refleksjonsnotat.

Nærmare informasjon om utreisesemesteret finn du i Mitt UiB på programsiden.

Læringsutbyte

Studenten skal ved avslutta emne ha følgjande læringsutbyte:

Kunnskap

Studenten

- får ein betydeleg mengdetrening i lesing, skriving, lytting og snakking på arabisk.
- får personleg erfaring med det å møte arabisk språk, samfunn og kultur i autentiske situasjonar.
- får erfaring frå språklæring i kommunikative og tradisjonelle former for arabiskundervisning og lærer grammatikk og språkkunnskap med arabisk terminologi.

Ferdigheiter

Studenten

- oppnår eit mellomnivå i lesing, skriving, lytting og snakking, til dels på dialekt eller blanding av standardarabisk og dialekt.
- kan utvida ordforrådet sitt og forståing i moderne standardarabisk og vald arabisk dialekt (eller kombinasjonar av desse) gjennom opphald i autentiske omgivnader.

Generell kompetanse

Studenten

- kan evaluere og reflektere over eigen motivasjon, språklæring og individuelt tilpassa språklæringsstrategiar.
- har personleg erfaring frå møte med arabisk samfunn og kultur.

- er førebudd til seinare språk-feltarbeid og språkskuleopphald for vidare utvikling av språkkunnskapane etter gjennomført grad.

Studiepoeng, omfang

30

Studienivå (studiesyklus)

Bachelor

Undervisningsspråk

Norsk, engelsk og arabisk.

Undervisningssemester

Vår

Undervisningsstad

Språkskole i Midtausten

Krav til forkunnskapar

Studenten må ha fullført og bestått ARA100 og ARA120.

Tilrådde forkunnskapar

Studentane bør ha fullført ARA121, ARA122 og ARA210 før avreise.

Studiepoengsreduksjon

Ingen

Krav til studierett

Emnet er opent for alle med studierett på bachelorprogrammet i arabisk språk med Midtaustens historie.

Arbeids- og undervisningsformer

Det vert undervisning i klasserom ved språkskule på omlag 20 timer i veka i ti veker. I tillegg skal studentane møte til to digitale seminar med emneansvarleg. Studentane skal også utføre feltarbeid.

Obligatorisk undervisningsaktivitet

I emnet er det krav om å gjennomføre og få godkjent fleire undervisningsaktivitetar. Kvar student må:

- møte til innplasseringstest.
- delta på to digitale seminar.

- følge planlagt undervisning på språkskulen.
- bestå prøve(r) på ditt innplasseringsnivå.

Fullført og bestått opphald på språkskulen er gyldig i tre år. Studentar kan ved behov søkje om å få utvida gyldigheita.

Vurderingsformer

Vurderinga i emnet er ei mappe med tre deler. Studentane skal levere to rapportar og møte til munnleg eksamen på ein halvtime. Rapportane er skriftlege og skal skrivast på norsk eller arabisk og leverast på forskjellige tidspunkt i løpet av semesteret. Digital munnleg eksamen finn stad i slutten av semesteret. Eksamensspråket på munnleg eksamen er norsk og arabisk.

Den første rapport er på ca. 2-5 sider som skal leverast midtvegs i opphaldet. Her skal studenten identifisere og reflektere over viktige opplevingar og ulike utfordringar om språklæringssituasjonen i og utanfor språkskulen og skissere moglege løysningar på desse.

Den andre rapporten skal leverast før avslutta opphald. Studenten skal skrive eit refleksjonsnotat og sjøltevaluering på 3-5 sider over korleis ulike utfordringar var løyst eller tiltak innført. Hovudpunkta skal seinare kort presenterast på munnleg eksamen.

Alle delane av mappa må vere greidd i undervisningssemesteret. Mappa får ein samla karakter.

Karakterskala

Bestått/ikkje bestått.

Vurderingssemester

Vår

Litteraturliste

Litteraturlista vil vere klar innan 1. desember for bruk i vårsemesteret.

Emneevaluering

Undervisninga blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitetssystem for utdanning.

Hjelpemiddel til eksamen

Studentane har alle hjelpemiddel tilgjengelege i arbeid med rapportane, men ein minner om at dei innleverte rapportane skal vere studenten sitt sjølvstendige arbeid.

Ein viser elles til UiB sine retningslinjer i høve fusk og plagiat, inkludert kunstig intelligens. Emneansvarleg vil ved semesterstart gjere greie for dei faglege retningslinjene kring bruk av kunstig intelligens i akkurat dette emnet.

Det er ikkje lov til å ta i bruk hjelpemiddel under gjennomføring av munnleg eksamen.

Programansvarleg

Programstyret har ansvar for fagleg innhald og oppbygging av studiet og for kvaliteten på studieprogrammet og alle emna der.

Emneansvarleg

Programstyret for arabisk språk med Midtaustens historie.

Administrativt ansvarleg

Det humanistiske fakultet ved Institutt for framandspråk har det administrative ansvaret for emnet og studieprogrammet.

Kontaktinformasjon

Studierettleiar: studierettleiar.if@uib.no

Eksamensadministrasjon: eksamen.if@uib.no



Det humanistiske fakultet

Følg brev studie- og emneplanendringer for arabisk ved Institutt for fremmedspråk fra høsten 2025

Programstyret har i flere omganger vedtatt, senest per sirkulasjon den 11. februar, å gjøre større endringer i studieplanen og i emnetilbudet etter flere års prosjektarbeid med å omarbeide bachelorprogrammet. Det innebærer i første omgang å legge ned følgende emner:

- ARA111
- ARA112
- ARA113
- ARA115
- ARA211

Vi har 10 aktive studenter på nåværende program. Flesteparten gjør seg ferdig med siste arabiskemnet i graden (ARA211) inneværende semester og vil ha rett på midtsemestereksamen. Det er kun en student som mangler samtlige emner. Vi er i dialog med studenten og følger opp med tanke på å legge en plan for gjennomføring av studiet med innføring av nye emner og endring i studieplanen.

Endringer i ARA100

Fakultetet foreslo å beholde emnekoden og programstyret tok det til følge. Fagkoordinator med fagmiljø har vurdert vedtatte endringer å være innenfor grensene av hva som har blitt undervist i før og opp imot hvilken funksjon og formål emnet har hatt og skal ha fremover jf. læringsutbytter, mål og innhold i emnebeskrivelse og studieplan. Derfor har det ikke vært behov for styret å opprette et nytt emne, men heller endre på tittel, justere læringsutbytter, omfanget av undervisning og tilpasse obligatoriske undervisningsaktiviteter i ARA100.

Nyopprettede emner

Prosjektgruppa har arbeidet med å omarbeide bachelorprogrammet for å løse opp i flere problemstillinger knyttet til gjennomføring og tilgjengelige undervisningsressurser. De nye arabiskfaglige emnene skal i større grad synliggjøre for studentene hva som er målet med hvert av emnene og hva de skal lære. Det gir også rom for fagmiljøet å prøve studentene mer spesifikt i bestemte kunnskaper og ferdigheter, og gir studentene rom for å utvikle ulike generiske ferdigheter i møte med ulike typer av vurderingsformer. Her er listen med nye emner:

- ARA120 Arabisk grammatikk
- ARA121 Omsetjing og praktisk bruk av arabiskfagets verktøy
- ARA122 Arabisk sosiolingvistik



- ARA210 Arbeid med arabiske tekstar
- ARA220 Kommunikasjon og språk i felt

Fakultetet har allerede gitt oss tilbakemeldinger på emnene, og vi svarer på noen av kommentarene i dette følgebrevet. Vi vil også gjøre fakultetet oppmerksom på en problemstilling knyttet til ARA220.

Krav til forkunnskaper – ARA120, ARA121 og ARA122

Programstyret diskuterte om nytt fellesemne kunne utelates, men styret valgte å beholde det som et forkunnskapskrav. Studenten må som et minimum ha vært meldt til ARA100 og fellesemnet og fått fullført obligatoriske aktiviteter i begge emner.

Åpner opp for andre studenter

Programstyret har sett det som ønskelig å la andre studenter på UiB søke om plass på et eller flere av våre arabiskemner. ARA100 er åpent for alle med studierett ved UiB. De som tar det emnet kan ha lyst til å fortsette med flere emner, men programstyret er nødt til å ha kontroll på ressursbruken og kan ikke åpne opp for alle. Derfor må personer uten studierett på programmet ha fullført og bestått ARA100 for å kunne søke om å ta ARA120, ARA121, ARA122 og ARA210. ARA220 vil utelukkende være forbeholdt programstudenter av praktiske hensyn.

ARA220 Gjennomføring av muntlig eksamen

Programstyret har vedtatt bruk av vurderingsformen «mappe» i emnet. En del av sensuren er en muntlig eksamen og programstyret ber fakultetet om dispensasjon fra kravet om å gjennomføre den på campus. Vi ser det som sannsynlig at en eller flere ikke vil ha bopel i Bergen etter utenlandsoppholdet. Studieoppholdet kan innebære oppsigelse av leiekontrakt i forkant av studieoppholdet med mindre man fremleier. Det vil medføre en ekstra kostnad å reise til Bergen. Vi ønsker også å la de som reiser avgjøre selv når de reiser hjem, kanskje vil de forlenge oppholdet på eget initiativ inn mot sommeren. I tillegg er den muntlige eksamen en form for samtale om rapportene som er skrevet og eventuell tilgang til hjelpemidler vil ikke være et problemområde.

Større endringer i studieplanen

Vi har fått tilbakemeldinger fra fakultetet på studieplanen og har justert deretter, og etter møtet i desember har også programstyret vedtatt at det ikke vil bli gitt mulighet for å søke om fritak fra ARA220. Studenter som ikke vil eller kan reise får informasjon om internovergang f.eks. til bachelorprogrammet i historie. Studenter med dokumentert behov for tilrettelegging vil selvfølgelig få tilpasset undervisningsopplegget i henhold til hva som er forenelig med gjeldende lovverk.

Programstyret har vedtatt å gjøre det obligatorisk for nye studenter å møte til et oppstartsmøte ved studiestart og lurer på om fakultetet vil gi personer som har takket ja til plass beskjed om det eller om det er noe studieadministrasjonen må følge opp alene?



Med vennlig hilsen

Robert Graff Bakkevold
seniorkonsulent